

Furo - Furu (gnr. 24)

Furo: Gamalt gardnamn som her truleg er fleirtalsforma av plantenamnet furua, treet, *Pirus Silvestris*. Skrivemåten av gardnamnet har vore skiftande, men som regel slik at namnet var godt kjenneleg.

Furu var og blant dei mange Vingromsgardane som kring år 1450 låg til erkebisesetet i Nidaros, og det er i erkebisp Aslak Bolts jordebok frå den tid ein finn gardnamnet skrive Furo. Ved reformasjonen i 1536 kom så bispegodset under Kongen og vart administrert under Akershus len.

I lensrekneskapen finn ein så at det gamle bispegodset etter kvart først vart bortbygsla og seinare selt. Det gjeld og for den garden Furu vi her skal høre litt meir om. Frå rekneskapsåret 1626-27 er det såleis fortalt at ein mann ved namn Oluf Engebretsen da fekk 1. bygsel på "en plads Fureng før brukt under Bårud". Landskylda av garden skulle vera 2 kalvskinn, og bygselpengane som han med det same svara, var 2 riksdalar. Ein merker seg elles at gardnamnet her er skive "Fureng".

Ein liten mannsalder seinare hadde det vore brukarskifte, og den nye bygslaren er kalla "Oluff Furu". Han var gift og betalde den ekstra Kopskatten 1645 for kona si og seg sjølv med ei ½ mark i pengar. Ein merker seg og at garden da er ført i gruppe for "Ødegaarder", som med den tydinga dette orde hadde i den tid, egentlig betydde "mindre gardar". Dette var i krigsåra på 1600-talet, og i 1657 kom ein ny ekstraskatt, nemleg Kvegskatten 1657. Der er det vidare fortalt at "Oluff" framleis var bygslar og brukar på "Fure", og at buskapen hans da var: 2 hopper, 9 naut, 4 geiter og 6 sauer. Her legg ein elles merke til at "Oluff Fure" er ført i skattelista side om side med "Holm Bratberig", så det er ingen tvil om at vi for tida ferdast her i øvre Vingrom.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet Furu skrive som i vår tid "Furu", og det er dessutan fortalt at garden framleis var "Kongens Aleene", og at bygslaren og brukaren der framleis heitte Oluff, men landskylda var da høgda til 4 skinn og kunne og krevjast i 1 bismarpund 8 merker smør. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 8 naut, konrtidende vart utreidd med ¾ tønne, som altså svara til ei årsavling på 7½ tønner, truleg einast bygg. Om garden og gardsbruket i den tid er det elles fortalt at "Engen" (innmarka) var skrinn, men det var skog nok til gards bruk, og Furu hadde alt da seter og sommarbeite for krøtera på "Ol Kiern Setter".

Av "Rulle over Gudbrandsdalens fogderis soldatlægder 1693" går det vidare fram at "Furu" tilhørde 3. Lægd saman med Hattestad, "Døesen, Kindlien og Rønne", og at den rulleførde soldat frå Furu i den tid var "Baard Gutormsen, gardsbonde 40 år".

Men i år 1715 var garden Furu vorte delt. Om dette fortel elles ei sak av 13. juni s.m. meir, og saka er etter utskrift av tingboka referert slik:

Furu i Faaberg:

13. juni 1715

Guttorm Baardsen Furu, Peder Bollong og Amund Øre lot oplese deres brev, hvorefter Guttorm Baardsen skal ha halvdelen, 2 skind i grd. Furu og de øvrige 2 skind skal tilhøre Peder Bollong og Amund Øre. Dat. 15. febr. 1715

Fem år seinare gav elles dei to sist nevnte skjøte på sin del av garden, og dette skjøtet som og elles er av interesse, er etter utskrift av panteprotokollen sålydande:

Furu.

Skjøte dat. 31. mai 1720 tgl. 10. september s.å. fra Peder Christophersen Boel Eng og Amund Christophersen Øre til Joen Pedersen på halvdel i Furu av skyld 2 skind med bøxel og landskyld, hvilken halve del i Furu Olle Hoff forhen hadde i pant for 40 rd., samme sum har bemeldte Joen Pedersen ham igjen betalt og dessuten til de førstnevne 11 rd. for odelsretten til halve delen i Furu.”

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Fuuru” ganske riktig oppgitt at garden da var vorte bondegods, og at Jon Pedersen var vorte brukar av den eine halvparten av Furu, og Guttorm Baardsen var og vorte eigar av sin halvdel av Furu, Furu av skyld 2 skinn. Buskapen på dei to halve gardane i saman var da 1 hest, 1 føl, 8 naut og 14 sauer, og den årlege utsæd av korn er da oppgitt til 2 tønner bygg. Vidare er det fortalt at garden ligg i baklia og er tungbrukt, jordarten er ”maadelig dog noget Kollendt og aarvant til fields beliggende”. Det her brukte ordet ”aarvant” tyder elles det motsatte av arviss.

Fire år seinare var i 1727 husmora Kari Sørensdtr., kona til Jon Pedersen død, og det var atter arveskifte på ”Furu i Lilleh i Faaberg”.

Ein merker seg elles at landskylda av jordegodset i arveboet er oppgitt berre til 1 skinn, og boet utgjorde med det medrekna brutto 103 rd. og netto 98 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Jon Pedersen det einaste barnet i ekteskapet, sonen Peder, som da var 7 år.

Etter atter 14 år var det i 1741 også skifte på ”Furu i Faaberg” hos Guttorm Baardsen og kona han, Kari Pedersdtr., som hadde vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live. Ved dette skiftet vart elles jordegodset i buet, Furu skyld av 2 skinn, verdsett berre til 42 rd., og arvebuet utgjorde brutto 72 rd. og netto 9 rd. Arvingane ved skiftet var forutan foreldre dei 5 borna som da var i live. Dei var: 1 Baard, som da var 28 år, 2. Beret, 26 år, 3. Peder, 23 år, 4. Arne, 20 år, 5. Embret, 16 år. Seks år seinare fekk i 1747 eldstesonen Baard Guttormsen søskenskjøte på farsgarden Furu av skyld 2 skinn.

Baard Guttormsen Furu, som dermed tok over som eigar og brukar av dette Furu av skyld 2 skinn, hadde i 1740 gifta seg med Mari Olsdtr., og dei fekk og 5 born. Dei var:
a. Peder, f. 1743, b. Engebret, f 1745, død same året, c. Engebret, f. 1747, d. Kari, f. 1749, e. Lars, f. 1751.

Av tinglyste pantebrev frå den tida går det elles fram at husbonden Bård Guttormsen Furu hadde vanskeleg for å reise pengar, og i 1752 selde han så ættegarden Furu av skyld 2 skinn til Lars Pedersen Kindlistuen og arvingane hans for kjøpesum 200 rd. + føderåd til ”selgerens gamle far Guttorm Baardsen”.

Den nye eigaren Lars Pedersen gifta seg i 1751 med Sidsel Amundsdr., og dei fekk 3 born, nemleg: 1. Peer f. 1752, 2. Inгри f. 1755, 3. Inгри f. 1758. I mellomtida hadde elles foreldra vore råka av sitt livs store sorg at baa dei eldste borna var døde av smittsom barnesjukdom med berre 4 dagars mellomrom.

Faren Lars Pedersen brukte likevel sjølv "Furu øvre", som garden da vart kalla, til i 1758, da han skjøta den til Niels Arnesen Lexhus og arvingar for kjøpesum 252½ rd. Dette skjøtet, som dessutan gir også andre interessante opplysningar, har etter utskrift av panteboka denne ordlyden:

"Furu øvre.

Skjøte dat. 14. april 1758 tgl. 19. juni s.å. fra Lars Furu av Faaberg til Niels Arnesen Lexhus og arvingar til garden Øvre Furu skyldende 2 skind for sum 252½ rd. Kjøparen har vedtatt å svare til Guttorm Baardsen hans ved gaarden heftende føderåd efter skiftebrev av 21. mars 1742, og selv at indløse Hans Majestets på gaarden heftende reductionsret + med de av selgeren budne 11 rd. tilligemed skjøtets bekostning + innløsningsrett."

Samtidig med dette budde Amund Pedersen frå Berg i Auggedalen og kona hans, Lisbet Olsdr. Furu, på grn. Nedre Furu da også av skyld 2 skinn, der dei i tida frå 1754 til 1759 fekk 3 born. Dei var: 1. Rønnaug f. 1755, 2. Kari f. 1757, 3. Guro f. 1759.

Men i 1762 gav Amund Pedersen bygselseddel på garden Furu nedre av skyld 2 skinn til Amund Bentsen Lien i Saksumdalen. Det er dertil opplyst at Amund Pedersen da flytte til Kolrud. Men to år seinare selde så i 1764 eigaren Amund Pedersen grd. Furu nedre framleis av skyld 2 skinn til Niels Arnesen Lexhus for kjøpesum 350 rd. Ein merker seg at kjøparen Niels Arnesen da frå før var brukar på Øvre Furu, som han hadde kjøpt i 1758, og at han med handelen i 1764 altså atter hadde samla det heile Furu av skyld 4 skind på si hand.

Nils Arnesen Lexhus f. 1725, som dermed tok over som eigar og brukar av Furu skyld 4 skinn, hadde i 1753 gifta seg med Beret Olsdr. Gilberg f. 1735, og dei fekk isaman dei 3 døtrene: a. Ingeborg f. 1754, b. Guro f. 1758, c. Kari f. 1765.

Nils Arnesen f. 1725, som var ein god husbond og grunnla ny velstand på garden, hadde så sjølv Furu av skyld 4 skinn til i 1786, da han skjøta Furu over til svigersonen Nils Olsen (Rønne) som i 1783 var vorte gift med eldste dottera i Furu, Ingeborg Nilsdr. f. 1754. Kjøpesummen for garden ved denne handelen var 595 rd. + føderåd til faren Nils Arnesen.

Dei nye husbondsfolka, Ingeborg Nilsdr. Furu og Nils Olsen skapte ein god heim ikring seg og hadde mange born. Dei var:

1. Guri f. 1784, 2. Nils f. 1787, gift 1811 med Sigrd Larsdr. Rusten, 3 og 4. tvillingane Are og Ole som baa døde i 1791, 5. Beret f. 1793, 6. Ole f. 1795, 7. Arne f. 1799, g. 1820 m. Marit Christensdr. Myren.

Frå denne tid er og ei sikkert heilt uvanleg sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

"Fåberg 10.okt. 1799.

Fogden har innstevnet Niels Olsen Furu og Christen Melum med tjenestedreng Ole Syversen fordi de sistl. vår gav anledning til at den for tyveri arresterte O- J- undvek fra arresten. De innstevnte sa sig villige til å erlegge mulkt av 1 rd. for sin uforsiktighet. Etter fogdens begjæring utsattes saken til neste ting.

Fåberg 17. febr. 1799.

Etter citanternes anbud blev denne sak opphevet".

Det var denne arrestanten som i si armod og i nattens mørke hadde stole matvarer frå eit av ferdmannslassa på overnattingsgarden Vingnes.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 3 familiar i Furu. Dei var.

1. familie: 1. Niels Olsen, husbonden, 44 år, 2. Ingeborg Nielsdtr., kona hans, 47 år, 3. Niels Nielsen, son deres, 14 år, 4. Arne Nielsen, son deres, 2 år, 5. Guri Nielsdtr., 17 år, 6. Beret Nielsdtr., 8 år, 7. Ole Nielsen, 6 år, 8. Anne Larsdtr., tenestkvinne, 21 år.
2. familie: 1. Niels Arnesn, føderådsmann, 75 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 66 år.
3. familie: 1. Engebret Fridrichsen, 2. Marit Larsdtr., 23 år. "Begge i Tieneste", 3. Thorkild Olsen, 30 år, "Gaar i Dagleie".

Husbonden Niels Olsen Furu brukte så garden til i 1811, da han skjøta Furu, framleis av skyld 4 skinn, over til sonen Nils Nilsen f. 1787. Etter dette levde så faren som føderådsmann til han døde i 1817. I samband med dødsfallet var det så atter arveskifte på "Furu i Faaberg". Ved dette skiftet vart ikkje jordegodset medregistrert i buet og utgjorde da brutto 38 rd. og netto 30 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingeborg Nielsdtr., dei nyss nemnde 5 borna. Det er elles opplyst at dottera Guri da var gift ned Knut Rinden, Åmot.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Furu" oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 12 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 30 tønner. Vidare er det tydeleg fortalt at Furu da hadde 1 husmannplass, som truleg var Furustugua med den gode vasskjelda.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 48 Furu fekk da som si nye matrikkelskyld: 3 skylddalar 4 ort 23 skilling, og det var da Nils Nilsen som framleis var eigar og brukar av Furu.

Om Nils Nilsen Furu, f. 1787, som i den tid var brukar på garden, er elles å fortelja at han i 1811 var gift med Sigrd Larsdtr. Rusten, og at dei i sitt ekteskap hadde 3 born. Dei var: 1. Nils f. 1812, 2. Anne f. 1816, 3. Ingeborg f. 1818.

Faren Nils Nilsen Furu f. 1787 hadde så ættegarden til i 1844, da han skjøta Furu av skyld 3 skylddalar 4 ort 22 skilling over til sonen Nils Nilsen Furu f. 1812.

Den nye husbonden Nils Nilsen Furu f. 1812 vart gift med Lisbet Nilsdtr., og dei fekk i sitt samliv 5 born. Dei fem borna var: a. Nils f. 1849, b. Anna f. 1849, c. Simen f. 1853, d. Kristian f. 1855, e. Ludvig f. 1858.

I samband med folke- og jorbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Furud" oppgitt at det samla jordbruksareal på garden av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 194 mål, og av dette var 44 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på "Furud" var 2 hestar, 13 storfe og 24 småfe, og at den årlege utsæd på garden i den tid utgjorde kring 7 tønner korn og 5½ tønner settepoteter.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. "Furu", som gardnamnet er skrive der, fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 24 av

samla skyld 5,93 mark, og det var da Nils Nilsen Furu f. 1812 som framleis var eigar og brukar av garden. Men to år seinare gav så i 1888 faren Nils Furu skjøte til sonen Ludvig Furu f. 1858. Når eldstesonen Nils gav avkald på garden, kom det truleg av at han den kropsskade at han var haremynt, og tala utydeleg. Broren Ludvig Furu, som tok over garden, var kjent for å vera ein særskilt kraftig kar, som greidde å driva garden med lite arbeidshjelp. Ved kommunevalet i 1907 budde det såleis da berre ein person med røysterett i Furu, nemleg husbonden Ludvig Nilsen, som da var 50 år gamal.

Av handlar i nyaste tid med Furu og/eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1912 selde så Ludvig Furu garden grn. 24 brn. 1 da av skyld 5,30 mark til Claudi Solberg, medan Ludvig Furu sjølv framleis hadde grn. 24 brn. 2 Furu skyld 0,63 mark. Etter dette kom skoggarden Furu på handel og vart snart utparsellert i fleire bruksnummer. Såleis kjøpte i 1961 Claudi og Helmer Solberg grn. 24 brn. 3 Furu Sameieskog. Vidare kjøpte Karl Rogndokken grn. 24 brn. 4 Aspelund av skyld 0,60 mark, Kristian Hoff tilhandla seg brn. 2 Furuenga, og Ole Dalby kjøpte brn. 6 Furustølen. Etter dette hadde Birger Schee m..fl. ei tid resten av hovedbruket brn. 1 da av skyld 2,85 mark.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da tre bruksnummer under gardsnummer 24 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da).

Dei tre bruk var:

- a. grn. 24 brn. 1 Furu med eit jordbruksreal på ca. 45 mål, som Johan Bollerud da var eigar og Karl Brattbergsengen brukar av
- b. grn. 24 brn. 1 Furu, jordbruksareal ca. 35 mål, som Am. Ramsrud var brukar av.
- c. Grn. 24 brn. 6 Furustølen seter med jordbruksareal ca. 28 dekar, som Ivar Dalby var eigar av.